



Gudbrandsdalsmusea

Tiltaksplan

Gudbrandsdalsmusea

2025

Innleiing

Tiltaksplanen byggjer på strategisk plan og anna planverk i Gudbrandsdalsmusea, samt prioriteringar i samråd med eigarar og interessentar ved dei ulike avdelingane i musea.

Tiltaksplanen blir rullert kvart år.

Formål

Folkekulturen ligg djupt forankra i oss. Han er sporet frå fortida og moglegitene for framtida. Folkekulturen er summen av uttrykksformer som lever og verkar, og som pustar i oss. Folkekulturen er aldri statisk eller stiv, men vital og levande – og han endrar seg. Det er eit godt utgangspunkt for eit museum som skal forvalte og formidle kulturen for framtida.

Gudbrandsdalsmusea er djupt forankra i kulturen og tradisjonane i Gudbrandsdalen – både den historiske og den levande, den materielle og den immaterielle. Gudbrandsdalsmusea forvaltar kulturarven gjennom dokumentasjon og registrering, formidling og forsking. Institusjonen fyller ein unik funksjon i samfunnslivet i heile dalen, og er slik ein viktig premissgjevar i det breie, offentlege rommet.

Gudbrandsdalsmusea er eit kulturelt samlingspunkt og ein møteplass for eit mangfaldig publikum. Rekruttering og engasjement blant fleire og nye grupper er viktig, og barn og unge er ei prioritert gruppe.

Gudbrandsdalsmusea er eit driftsselskap etablert ut frå ei felles målsetting om å vera regionmuseum for Midt- og Nord-Gudbrandsdalen. Gudbrandsdalsmusea skal drive, drifte og utvikle museet og dei ulike avdelingane.

Gudbrandsdalsmusea er eit non-profit selskap. Eventuelt overskott skal førast attende til selskapet.

Gudbrandsdalsmusea bidreg til ei miljøvenleg og berekraftig utvikling av museet gjennom konkrete mål og satsingar.

Nye satsingar

Arbeidsområda til norske museum er i stadig endring. Gjennom stortingsmeldingar og tildelingsbrev frå departementet er det i dag klare forventningar om å breidde ut formidlinga ved musea.

Stortingsmelding 23 (2020–2021) *Musea i samfunnet. Tillit, ting og tid*, som kom i 2021, dreg opp fem generelle hovudmål for musea:

- Solid kunnskapsprodusent
- Relevant formidling

- Heilskapleg samlingsutvikling
- Trygg ivaretaking
- Aktiv samhandling

I praksis betyr det at musea – i større grad – skal verke i samtida og for samfunnet, dei skal legge til rette for møte mellom menneske, vere aktuelle og relevante, legge til rette for mangfold, inkludering og involvering.

Samfunnet står under press. Totalitære regime er på frammarsj i land nær oss. Meir enn nokon gong skal musea vere eit ror og kompass når verdiar står på spel.

Forteljinga om Noreg er stor – og kompleks, og handlar ikkje berre om kjende og einerådande historier og sanningar. Musea skal vere eit nav for alle – ein heim der alle skal kjenne seg inkludert og sett, som løftar og utforskar gløymde og underkommuniserte forteljingar og tema.

Ikkje alle kjenner seg heller heime på musea og mange livshistorier har vore vanskelege å formidle. Derfor er musea utfordra i spørsmålet om kven ein set i sentrum for formidlinga og korleis ein kan nå fleire.

Gudbrandsdalsmusea arbeidar etter høge etiske standarar slik vi kjenner dei gjennom museumsfellesskapen ICOM – International Council of Museums. Deira beskriving av museum og museumsarbeid blir forstått slik:

A museum is a not-for-profit, permanent institution in the service of society that researches, collects, conserves, interprets and exhibits tangible and intangible heritage. Open to the public, accessible and inclusive, museums foster diversity and sustainability. They operate and communicate ethically, professionally and with the participation of communities, offering varied experiences for education, enjoyment, reflection and knowledge sharing. (ICOM // 2022)

Musea skal famne vidt. No – og i framtida – skal musea arbeide meir med emne som til dømes: den nye kulturen og den gamle kulturen, det som er smalt og det som er breitt, verda og bygda, kritisk refleksjon, identitet og tilhør, samhald og eigenart, aktualitet og relevans, forsking og formidling, materiell og immateriell, inkludering og involvering og innsamling og dokumentasjon.

I åra som kjem vil vi prioritere fire satsingar, eller stabbesteinatar: Formidling, arkiv og samling, bygningsvern og friviljuge. Desse vil danne grunnmur og kjerne om det daglege og faglege arbeidet. Stabbesteinane vil og få ein sentral plass i det nye strategidokumentet som er under revidering.

Overordna tiltak

Strategiske val 2021–2025

1. Formidling og historieforteljing

Gudbrandsdalsmusea skal formidle relevant og interessant kunnskap om både materiell og immateriell kulturarv. Museet skal søkje å belyse nye samanhengar og perspektiv, i samspele og aktiv dialog med brukarane. Historier skal forteljast gjennom utstillingar, artiklar, foredrag, skuleformidling, aviser, radio, tv og i sosiale media

Strategisk mål:

- Aktuelle, relevante og profesjonelle utstillingar
- Foredrag, konserter og aktiv skuleformidling
- Systematisert formidling via sosiale media
- Artiklar i lokalhistoriske årbøker
- Auka formidling frå folkemusikkarkiva
- Kreative stunt som skaper merksemd og omtale

2. Fjellet – historie, bruk og endring

Lom er eit geografisk knutepunkt sentralt plassert i den norske fjellheimen, og har formell status som Nasjonalparklandsby. Norsk Fjellsenter er delkonsolidert med Gudbrandsdalsmusea, og det er etablert samarbeid med ei rekke eksterne fagmiljø, deriblant Kulturhistorisk Museum og Innlandet fylkeskommune. Dette er sentrale aktørar i brearkeologien, som gjennom årlege funn gjev ny kunnskap av både nasjonal og internasjonal interesse. Vi vil vidareutvikle denne spydspissen for formidling og ivaretakinga av fjellhistoria.

Strategiske mål:

- Formidling av fjellet si historie i næring og fritid gjennom tidene
- Eit nasjonalt ansvar for brearkeologien.
- Klima, klimaendringar og natur i kontinuerleg endring.
- Berekraftig utvikling til fjells.

3. Kjerneområde for tradisjonshandverk

Gudbrandsdalen er den regionen som har flest freda og verneverdige hus i landet.

Strategiske mål:

- Museet skal forvalte eigne antikvariske bygningar på ein god måte
- Gudbrandsdalsmusea skal formidle kunnskap om tradisjonshandverk
- Gudbrandsdalsmusea skal gje råd og rettleiing til eigalar av antikvariske bygningar
- Aktiv samhandling med andre aktørar

4. Arkiva – gullgruver av kulturarv

Vi har privatarkiv fordelt på 6 lokalavdelingar: Opplandsarkivet med avdelingar i Skjåk, Vågå, Dombås og Ringebu, folkemusikkavdelingar i Vågå og Ringebu, og Fjellarkiv ved Norsk Fjellmuseum. Det er velfungerande magasin ved alle arkiva

Strategiske mål:

- Innsamling og registrering av relevant og verdifullt arkivmateriale
- Aktualisera gjennom open lesesal, kveldsseto og arrangement
- Formidle gode historier frå arkiva i relevante kanalar

5. Gjenstandsamlingane

Samlingane til Gudbrandsdalsmusea er i stor grad knytt til førindustriell gardsdrift.

Strategiske mål:

- Komplettere samlingane slik at dei også speglar viktige sider av historia i regionen i nyare tid
- Innsamling på spesielle tema som er særleg aktuelle og særprega
- Komplettere opplysningar knytt til samlingane
- Gjera samlingane tilgjengeleg digitalt
- Samarbeide med Maihaugen om samlingsforvaltning for heile dalen

6. Økonomi og handlingsrom

Museet har eit stort publikum – i normalår talfesta til om lag 80 000 personar. Museet betyr mykje for mange, samtidig som Gudbrandsdalsmusea mottek vesentleg mindre overføringer enn samanliknbare museum. Gudbrandsdalsmusea arbeider innafor eit stort spenn av både tematikk og geografi. Dette bør legitimere auke i offentlege driftsbidrag.

Ein relativt liten del av publikum genererer billettinntekter. Det blir arbeidd med dette, og tiltak er avstemt med eigalar og lokalsamfunn som ønskjer at kulturarven skal vera tilgjengeleg så breitt som råd. Det er ei utfordring å konkurrerer med ei rekke tiltak som ikkje har innteningskrav. Dette gjeld kommunale kulturarrangement, arrangement ved folkebiblioteka med meir. Dei siste åra har vi teke på oss vesentlege prosjekt, og dette skal vi fortsetja med så langt det er forsvarleg i høve arbeidskapasiteten til våre tilsette.

Strategiske mål:

- Auka offentleg grunnfinansiering
- Auka publikumsinntekter
- Prosjektporlefølje i tråd med kapasitet

7. Pilegrimsleden

Pilegrimssenteret er ei avdeling i museet. Det ligg til rette for god utvikling framover, med moglegheiter for å skape spennande samarbeid nasjonalt og internasjonalt.

Pilegrimssenteret er ei avdeling i museet. Det ligg til rette for god utvikling framover, med moglegheiter for å skape spennande samarbeid nasjonalt og internasjonalt.

Pilegrimssatsinga i Noreg har ein eigen strategi der satsinga skal rettast mot dei fire områda Kultur og kulturhistorie, Natur og miljø, Næringsutvikling og Kyrkje og kyrkjeliv. Dette må avdelinga må ta omsyn til og avdelinga har difor eigen virksomhetsplan.

Strategiske mål:

- Formidle kulturarven langs leden i Gudbrandsdalen på ein berekraftig måte
- Utvikle leden og sikre at utviklinga og veksten varetok natur og miljø
- Utvikle infrastruktur langs pilegrimsleden
- Miljøsertifisering
- Fortsetja vekst i innlandsk publikum

8. Tiltak for barn og unge

Gudbrandsdalsmusea skal gje barn og unge opplevelingar knytt til kulturarven.

Strategiske mål:

- Vidareutvikle nye og spennande skuleprogram
- Teknologi og formidling tilpassa målgruppene digitalt og ved avdelingane
- Elevar i grunnskulen i regionen skal ha minst eitt møte med museet

9. Samarbeid

Gudbrandsdalsmusea er ein profesjonell, påliteleg og attraktiv samarbeidspart. Samarbeid med frivillige aktørar som er interesserte i kulturminner utløysar så store ressursar at det heilt vesentleg for den samla verksemda til museet. Like viktig er godt samarbeid med eigarar, næringsliv og forvaltning.

Strategisk mål:

- Gudbrandsdalsmusea i varetek, utviklar og deltek i faglege og forretningsmessige samarbeid lokalt, regionalt og nasjonalt

Prioriterte tiltak

| Fellesområde | Ansvar | Oppstart | Avslutting |
|--|---------|----------|------------|
| Budsjett, rekneskap, søknad og rapportering | KAAB | | |
| Årsrapport 2024 | KAAB | | |
| Tiltaksplan 2025 | KAAB | | |
| Strategi 2025 | KAAB | | |
| Formidlingsarbeid | KAAB | | |
| Samarbeid | KAAB | | |
| Utviklingsoppgåver | KAAB | | |
| | | | |
| Arkiv Ringebu | Ansvar | Oppstart | Avslutting |
| Digitalisere ljosbilete i Kolås-fotosamling | OBK | | |
| Publisere S. Berge notearkiv i Digitalt Arkiv | OBK/TWR | | |
| Publisere resten av Per Gynt-arkivet i ASTA | TWR | | |
| Skrive artikkel i Heimgrenada | TWR | | |
| Registrere tidlegare arkiv frå Maihaugen | OBK/TWR | | |
| Intervju innvandrarar i høve jubileet | OBK/TWR | | |
| | | | |
| Arkiv Dombås | Ansvar | Oppstart | Avslutting |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| | | | |
| Arkiv Vågå | Ansvar | Oppstart | Avslutting |
| Registrere alle arkiv i ASTA | KAH | | |
| Oppfølging av mange friviljuge | KAH | | |
| Skanne 10.000 foto | KAH | | |
| Innsamling | KAH | | |
| Digitalisering av lydband | KAH | | |
| Starte registrering av Vågå- / Ottadalsradioen | KAH | | |
| Formidling av samliga | KAH | | |
| | | | |
| Arkiv Skjåk | Ansvar | Oppstart | Avslutting |
| Ajourføre arkivavtaler | | | |
| Gjennomgang og sikring av biletksamlingane | | | |
| Registrering av arkiv i ASTA | | | |

| | Ansvar | Oppstart | Avslutting |
|--|---------|------------|------------|
| Folkemusikkarkiv Ringebu | TWR | | |
| Publisere notearkiv i Digitalt Arkiv | TWR | | |
| Skrive toraderbok om utøvarar i Tessand | TWR/KAH | | |
| Skrive artikkel om cister i Årbok for Gudbrandsdalen | TWR | | |
| Halde nybyrjarkurs i munnharpespel | TWR | | |
| Registrere videosamling frå NRK i ASTA | TWR | | |
| Skrive bok om durspelets fyrste historie i Noreg | TWR | | |
| Registrere arkiv etter Folkemusikklinja i ASTA | TWR | | |
| | | | |
| Folkemusikkarkiv Vågå | Ansvar | Oppstart | Avslutting |
| Digitalisering av lydband | KAH | | |
| Formidling | KAH | | |
| Konsertar | KAH | | |
| Legge arkiv inn i ASTA | KAH | | |
| | | | |
| Ringebu stavkyrkjeutstilling | Ansvar | Oppstart | Avslutting |
| Montere nye gjenstandar i samlinga | TWR | | |
| Skrive søknadar for ny utstilling | TWR | | |
| Hente inn kostnad for nytt ljasanlegg | TWR | | |
| | | | |
| Tusenårsstaden Hundorp og gardsbutikk | Ansvar | Oppstart | Avslutting |
| Formidling bussgrupper | PGH | 06.05.2025 | 16.09.2025 |
| Skjøtselplan kulturminner Hundorp DGG | PGH | 01.01.2025 | 01.06.2025 |
| Nybygg DGG | PGH | 01.04.2025 | |
| Olsok | PGH | 01.01.2025 | 29.07.2025 |
| | | | |
| Pilegrimssenter Dale-Gudbrand | Ansvar | Oppstart | Avslutting |
| Eigen tiltaksplan | PGH | | |
| | | | |
| Gudbrandsdal krigsminnesamling | Ansvar | Oppstart | Avslutting |
| Digitalisering utstilling | PGH | 01.01.2025 | 19.07.1905 |
| Lyssetting | PGH | 01.01.2025 | 18.07.1905 |
| Registrering | PGH | 01.09.2025 | 31.12.2025 |
| Revidere sikringsplan | PGH | 01.05.2025 | 31.12.2025 |
| 8 mai/ minnestein MILORG | PGH | 01.03.2025 | 08.05.2025 |
| Skuleformidling 7 trinn midtdak'len | PGH | 01.06.2025 | 31.12.2025 |
| Sesongåpent museum | PGH | 15.06.2025 | 15.08.2025 |
| | | | |

| Otta bergverkssenter | Ansvar | Oppstart | Avslutting |
|--|---------|------------|------------|
| Plan for ny utstilling | KAAB | 17.07.1905 | |
| | | | |
| Einbustugu | Ansvar | Oppstart | Avslutting |
| Eigen plan for (ny) bruk | KAAB/OT | 27.06.1905 | |
| | | | |
| Lesja bygdemuseum | Ansvar | Oppstart | Avslutting |
| Sommarsesong | SGP | | |
| Samarbeid med Norsk institutt for bunad og folkekled | SGP | | |
| Markens Grøde | SGP | | |
| Veddrock | SGP | | |
| Gjennomgang av arkiv/samlingar | SGP | | |
| | | | |
| Bygningsvernrådgjevar | Ansvar | Oppstart | Avslutting |
| Inspirasjonsdag Øygarden/Sel | HS/KAAB | mai | mai |
| Nettverksmøte Vågå | HS | 26.06.2025 | 27.07.2025 |
| Kurs komposisjonsmåling | HS | mai | mai |
| Kurs tørrsteinsmuring | HS/PGH | sommar | |
| Bistå IFK med opplæring, etterudanning | HS/IFK | haust | |
| Praktisk arbeid på Skreabakken | | | |
| | HS | Vår | Haust |
| Vågå bygdemuseum | Ansvar | Oppstart | Avslutting |
| Utstillingar med høg kvalitet | KAH | | |
| Arrangere Gudbrandsdalsdalsseminaret 2025 | KAH | | |
| Konsertar | KAH | | |
| Registrere tilvekst | KAH/EH | | |
| Formidling av samlinga | KAH | | |
| | | | |
| Lom bygdemuseum | Ansvar | Oppstart | Avslutting |
| Sommarprogram | KAAB/MS | | |
| Kurs | KAAB/MS | | |
| Hogst | MS | | |
| Utviklingsoppgåver | KAAB/MS | | |
| | | | |
| Lom stavkyrkjesenter | Ansvar | Oppstart | Avslutting |
| Ingen tiltak | KAAB | | |
| | | | |
| Norsk fjellsenter | Ansvar | Oppstart | Avslutting |
| Eige tiltaksplan | | | |
| | | | |